

## ***Nordhordland kompetanseregion***

*for grunnskulen*

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

### **REFERAT FRÅ STYREMØTE 01/17 - 31.01.17**

Møtet fann stad på Nordhordland folkehøgskule, Veslestova.

Desse møtte: Alf Strand, Jahn Olav Nordheim, Bodil Boie Brekkan, Jo Tømmerbakke, Reidun Johannessen, Ragna Midtbø, Astrid Brandal Øvsthus og Dina Dyrhovden. Astrid Brandal Øvsthus måtte gå frå møtet etter sak 05/17.

På sak 05/17 deltok Nils Skavhellen inntaksleiar HFK, Petter Borthen HFK, Kari Espelund Bruvik, Knarvik VGS og Kjersti Haugland Austrheim VGS.

#### **01/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

Ingen merknader. **Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.**

#### **02/17 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 02.12.16**

Ingen merknader. **Vedtak: Referat frå 02.12.16 vart godkjendt.**

#### **03/17 ARBEIDSGRUPPE LÆRINGSPLATTFORM**

Status: Arbeidsgruppa hadde første møte 11.01.17. Jo Tømmerbakke vart valt som leiar i arbeidsgruppa. Gruppa har utarbeidd eit oversyn på kva ein nyttar læringsplattform til i dag som ein vil nytte det vidare arbeidet. Hogne Brunborg, Yngve Vetås, Astrid Brandal Øvsthus og Dina Dyrhovden deltok på studiereise til London 24.-27.01 saman med representant frå rådmannsgruppa, repr frå IKT- NH, og andre kommunar som er knytt til IKT-NH. Fokus på studiereisa var LMS = Learning Management Systems. Det var møter med andre tilbydarar og med Its Learning. Inntrykka frå studiereisa er oppsummert og vert formidla til arbeidsgruppa i neste møte 10.02.17.

Framdriftsplan: Arbeidsgruppa har lagt opp til månadlege møter med mål om å legge fram ein konklusjon til juni-møtet. Det er mogeleg at dette må framskundast noko, då det er fleire kommunar som har avtalar med Its Learning som må reforhandlast eller avsluttast.

Kopling inn mot rådmannsgruppa: Det er behov for å knyte arbeidet som Arbeidsgruppe Læringsplattform gjer inn mot engasjementet som er i rådmannsgruppa på dette feltet.

Representasjon i arbeidsgruppa: Koordinator har høyr det nemnt at det er dei store kommunane som har representantar i arbeidgruppa og at dette kan oppfattast negativt i dei mindre kommunane. Styret drøfta saka. Representantane frå Austrheim, Fedje, Modalen og Masfjorden gav alle tilbakemelding om at ein har tillit til at det arbeidet som vart gjort er for alle og at ein kjenner seg ivareteken med den samansetjing som er no. Tilsettere representanten er frå Lindås skommune og har nettverk med dei hovurdrittillitsvalte i dei andre kommunane i NKR. Det vart lufta korleis få høyre eleven si stemme.

**Oppsummering:** Arbeidet er i gang. Arbeidsgruppa må truleg forsere sin møteplan for å kunne kome med ei anbefaling tidlegare enn i juni. Arbeidsgruppa knyter kontakt med rådmannsgruppa.

#### **04/17 OPPLÆRINGSLOVA § 9A**

Saka er fast tema i styret i NKR.

#### **Stikkord frå drøftinga:**

**Vedtaksmlar** – individuell behandling – barnet si stemme inn (helsesøster/PPT)

**Tilsyn, forvaltning:** Lindås har hatt tilsyn. Modalen og Masfjorden på gang.

**Ny ordning/forskrift.** Overgangsfase. Behov for gjennomgang av endringar i lovverket for alle skuleleiarar . Johan Sverre Rivertz er aktuell kurshaldar. Styret bad koordinator ta kontakt med Fylkesmannen for å få gjort ein avtale om samling. Før sommaren, evt rett etter skulestart.

#### **05/17 SPRÅKOPPLÆRING OG INKLUDERING**

Behov for innføringsklassar i NH

**Vedlegg 2: Talmateriale pr 30.01.17**

Ragna Midtbø orienterte om bakgrunnen for møtet. Det er ynskjeleg å få til eit tilbod om innføringsklasse som er noko nærare bustaden til desse elevane.

Nils Skavhellen orienterte om innføringstilbodet som er i Åsane og tilbod andre stader i Hordaland. Alle elevar har rett til å søkje og kome inn på eit opplæringstilbod i VGS. Innføringsklasse er eit frivillig tilbod. Fylkeskommunen har fullmakt til å opprette og legge ned innføringsklassar. Det er til vanleg 12-15 elevar i innføringsklassane. Det er vanskeleg å planlegge i høve elevar som bur i mottak, då det kan bli gjort endringar på kort varsel. Det næraste tilbodet som er i dag er i Åsane og dei har per i dag ein klasse. Det kan vere ynskjeleg å ha to klassar, då det gjer det lettare å gje tilpassa opplæring.

I Nordhordland er det per i dag 32 elevar som er aktuelle for dette tilbudet. Det vert rådd til å tenkje aktuelle elevar i mottak utanfor dette , då det er så usikkert kor mange dei er og kor lenge dei vert verande.

Petter Borten orienterte om kombinasjonsklassar, med elevar frå vgs og elevar frå vaksenopplæring på grunnskulen sitt område. Det er viktig at ungdomar får opplæring saman med jamnaldrande. Det naudsynt med gode avtalar i botn for eit slikt samarbeid: Kven har ansvar for å gjere/betale kva? Skrive ut vitnemål, kjøpe inn lærebøker, lokale, arrangere eksamen, løne lærekrefter? Slike samarbeid har havarett pga uklare avtalar.

Petter Borten orienterte om tilbod om sommarskule på VGS i matematikk og norsk for elevar som skal begynne på vgs. Det vil kome informasjon om tilbod og påmelding på heimesidene til HFK og dei vidaregåande skulane.

Fylkekommunen hadde ei positiv oppleving av det samarbeidet som kommunane i Nordhordland har på skuleområdet. NKR takka for informativt og konstruktivt møte.

### **Oppsummering:**

Søknadsfristen for desse elevane går ut i desse dagar, så det vil ikkje vere mogeleg å søkje på innføringsklasse for skuleåret 2017/18.

Inntaksleiar Skavhellen bad om ein slik avtale med NKR:

**Straks etter 01.02.17:** Skulane i nordhordland sender oversyn på elevar (fødselsdato/personnummer) som søker innføringsklasse som 1. prioritet eller lenger nede på prioriteringslista. Sende til [inntak@hfk.no](mailto:inntak@hfk.no)

**Fortøpande utover våren:** Sende melding omgåande til [inntak@hfk.no](mailto:inntak@hfk.no) dersom elevar flyttar eller ikkje lenger er aktuelle for tilbudet.

**15.06.17:** Sende oppdatering på status på aktuelle søkjarar til [inntak@hfk.no](mailto:inntak@hfk.no)

Hordaland fylkeskommune, Inntakskontoret, vil følgje med på innsøkinga og sjå på om det er mogeleg / aktuelt å starte opp eit tilbod i Nordhordland. Dersom aktuelt tek dei kontakt med Austrheim og Knarvik vgs.

## **06/17 KVALITETSKRITERIER - PPT**

Styret drøfta saka.

**Konklusjon:** Saka vert sett opp på møtet 27.04.17. Kommunane førebur seg til møtet.

## 07/17 PEDAGOGISK BRUK AV DIGITALE VERKTØY

Det er kome ynskje om kurs/samlingar med fokus på pedagogisk bruk av digitale tavler og digitale verktøy. IKT-NH har avtalar med aktuelle kurshaldarar. Her kan ein nytte kursbasen til påmelding og lokala på IKT-NH som kurslokale. Det vart også lufta behovet for ein felles plan for bruk av IKT i opplæringa i Nordhordland.

**Konklusjon:** Det er behov for å få avklara kva som er behovet og lage ei tydelegare bestilling. Reidun Johannessen og koordinator tek saka vidare.

## 08/17 PLAN FOR FELLES KOMPETANSEHEVING I NKR 2017

Styret drøfta saka og kom med innspel til ein plan for 2017. Styret ser at det er mange aktuelle tema og endringar som krev fokus og kompetanseheving på for tilsette i PPT, barnehage, skule og for skuleeigar. Det er behov for å lage eit oversyn og gjere prioriteringar. For å få dette til må det ein plan over 2-3 år, slik ein gjorde ved innføringa av K06.

**Konklusjon:** Koordinator utarbeidar eit framlegg til plan som kommunane kan drøfte ut frå. Sak på neste møte 10.03.17.

## 09/17 FØRESPURNAD LINDÅS KOMMUNE

Saka var utsett frå sist møte.

### **Samrøystes vedtak i sak 09/17:**

- *Styret i NKR kan tilby Lindås kommune å vere teknisk arrangør for 2-dagars Zippy-workshop.*
- *Kostnader vert kr 500,- ved innleigd lokale og kr 315,- ved å nytte eigne lokale.*
- *Tilbod om deltaking på 2-dagars Zippyworkshop går då til alle medlemskommunane. NKR fakturerer kommunane i høve til tal deltakarar som er påmeldt.*

## 10/17 SKRIV OG MELDINGAR

- a) Det pågår rehabiliteringsarbeid på Nordhordland Folkehøgskule, Veslestova og Storstova frå 06.02.17 og fram til påske. NKR vil i denne perioden nytte andre kurs og møtelokale.
- b) Planlagde kurs og samlingar:
  - 09.02.17 Styrarsamling, Dampen
  - 21.02.17 Samling nyutdanna, nyttilsette barnehage, NLA
  - 23.02.17 Samling for nyutdanna, nyttilsette skulane, NLA

- 14.03.17 Lærande Nettverk UIU – Strilatun Seim
- ? Textpilot.

- c) Ny kursbase: Det er oppretta kontakt med IKT-NH og lagt ein plan for å setje opp kursbasen til våre behov saman med leverandør.
- d) Referat frå møte i regional barnehagegruppe 07.12.16 er sendt ut til styremedlemene
- e) Søknad om rettleiing Opplæring og inkludering – sendt 15.12.16 – **vedlegg 3**

**Vedtak: Skriv og meldingar er teke til orientering.**

#### 11/17 STATUS ØKONOMI NKR 2016

Koordinator orienterte om utgifter, inntekter og avrekning.

**Vedtak: Teke til orientering.**

#### 12/17 ÅRSMELDING 2016

Koordinator har avtale med Oddfrid Hole om ein gjennomgang av aktiviteten i NKR i 2016, neste veke. Årsmeldinga vert lagt fram til behandling i styremøte 10.03.17.

#### 13/17 YMSE

a) Saka vart trekt.

**b) AU-møte 06.12.16 vart avlyst – notat og talmateriale tilsendt på e-post 30.11.16.** Utsett frå sist møte. Det er kalla inn til nytt møte i AU 14 februar. Styreleiar skal delta på dette og bad om innspel til saker å ta opp der. Aktuelle saker er: *Skuleskyss*: Elevar i privatskule. Skyss til kommunegrensa. Fylkesmannen skaper forventningar om å få dekkja skyss også i andre kommunar. *Permisjon frå den pliktige opplæringa*. Oppheving av vedtak.

**c) Munnleg eksamen:** NKR legg opp til samling for sensor, medsensor, rektor og skuleeigar i mars månad. Brev til skulane og kommunane om munnleg eksamen og rekruttering av sensorar er på gang.

#### 12/17 VAL AV REPRESENTANT TIL KOORDINERINGSGRUPPE PPT-NETTVERK

Astrid Brandal Øvsthus har vore styret sin representant i koordineringsgruppa for PPT-nettverk i mange år. Fagleiar i PPT Osterøy, Solveig Elvik er også medlem i koordineringsgruppa. Osterøy har då 2 representatar der. Astrid Brandal Øvsthus bad om at det vart valt ny representant frå styret i NKR. Styreleiar understreka at NKR har

vore godt representert med Astrid Brandal Øvsthus, men aksepterte hennar ynskje om avløyning. Styret var samde om å velje ny representant til koordinatorgruppa for PPT-nettverket.

**Samrøystes vedtak: *Ragna Midtbø er valt som NKR sin representant i koordineringsgruppa for PPT-nettverket.***

Møtet vart avslutta med lunch kl 1200.

08.02.17

Alf Strand  
Styreleiar

Dina Dyrhovden  
koordinator

## Vedlegg 1:

# Kvalitetskriterier for PPT – Nordhordland Kompetanseregion

---

1. **Førebuing i kvar kommune før møtet** – fagleiar PPT og skule/barnehagefagleg ansvarleg: <http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/pp-tjenesten/kvalitetskriterium-i-pp-tenesta/>

Korleis arbeider me med Kvalitetskriterier for PPT i vår kommune?

Kva skal effekten vere ute på skulane og i barnehagane?

Kva skal me gjere i vår kommune?

Kva har me behov for å samarbeide med andre om?

### **Styremøte i NKR med deltaking frå fagleiarane i PPT i kommunane**

**Dato:** 27.04.17

**Stad:** Sjå innkalling til styremøte

2. **Framlegging status** – inntil 7 min per kommune. Det er ynskjeleg at fagleiar i PPT har hovuddelen av innlegget.

### **Pause**

3. **IGP**

4 grupper med miks av kommunar og funksjonar. Roller i gruppene: Ordstyrar/tidtakar og skrivar.

**I:** Individuell refleksjon – stille tenkeskriving i 2 minutt – Ut frå det me no har høyrte om status i arbeidet i kommunane: Kva kan me gjere saman?

**G:** Gruppearbeid 45 min

a. Rekkeframlegging max 2 min per/pers ut frå individuell refleksjon. Me gjentek ikkje det som har blitt sagt før. Kun det som kan tilføre nytt.

b. Grappa drøftar og finn fram til aktuelle felles fokusområde og evt tiltak.

c. Grappa prioriterer 2 fokusområder og evt tiltak. Skriv på gul lapp.

**P:** Plenum 15 min. Gruppene legg fram sine framlegg, grunngjev kort og hengjer opp gul lapp. Prioritering av dei prioriterte.

4. **Konklusjon og vidare arbeid**

## Vedlegg 2:

<b>Minoritetsspråklege 10. klassingar 2017 med behov for innføringskurs i vidaregåande</b>							
<b>Kommune</b>	<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>	<b>Merknad</b>	<b>30.01.2017</b>			
Austrheim kommune	Kaland b/u-skule	3					
Lindås kommune	Knarvik ungdomsskule	3	1 mulig				
	Ostereidet u.skule	2	jenter				
	Lindås ungdomsskule	14	asylsøkjjarar				
	Vaksenopplæring	5					
Radøy kommune	Radøy ungdomsskule	1					
Meland kommune	Rosslund b/u-skule						
	Meland ungdomsskule	0					
	Danielsen ungdomsskule	0					
Fedje kommune	Fedje skule	2					
Modalen kommune	Mo skule	0					
Masfjorden kommune	Matre skule	0					
	Nordygda skule	0					
	Sandnes skule	0					
Osterøy kommune	Osterøy Ungdomsskule	2					
	<b>Sum</b>	<b>32</b>					

## VEDLEGG 3

### *Nordhordland kompetanseregion for grunnskulen*

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

## Søknad om rettleiing – Opplæring og inkludering av flyktningar

Styret i Nordhordland kompetanseregion har dei siste åra hatt FLYKTNINGAR- EI FELLES UTFORDRING FOR KOMMUNANE som fast sak i sine møter.

Utskrift frå referat frå møte 02.12.16:

### 71/16 FLYKTNINGAR- EI FELLES UTFORDRING FOR KOMMUNANE

Tema	Erfaringar/utfordringar/ tips	Kommune med erfaring
Integrering, inkludering og språk.	<p>Referert frå eit kurs som fylkesmannen hadde eit kurs om integrering og inkludering. Veldig godt fagleg, konkret og nyttig. Presentasjonen frå samlinga ligg ved referatet.</p> <p>Det er mogeleg å søkje om rettleiing/ kompetanseheving. NKR har hatt dette temaet</p> <div data-bbox="451 1122 826 1312" style="border: 1px solid black; padding: 5px;"><p>Har dere behov for veiledning?</p><ul style="list-style-type: none"><li>• Det er HIB som tilbyr veiledning i Hordaland. Søknad sendes Fylkesmannen på følgende adresse: <a href="mailto:hib@postmottak@fylkesmannen.no">hib@postmottak@fylkesmannen.no</a></li><li>• Søknadsfrist 13.12.16</li><li>• Kriterier for søknad til Fylkesmannen:<ul style="list-style-type: none"><li>• Hvorvidt skoleier støtter søknaden</li><li>• Om det planlegges samarbeid på tvers av skoler og kommuner / fylkeskommuner / etablering av nettverk.</li><li>• Kommunens erfaring med språk- og fagopplæring for minoritetspråklege elever</li><li>• Hvilke deler av personalet som skal involveres i veiledningsarbeidet.</li><li>• Om flyktningsbarn i skolen er noe nytt og ukjent for skolen.</li><li>• Beskrivelse av hvilke lokale kompetansebehov skolen har på dette fagfeltet.</li><li>• Tidspunkt for ønsket veiledning i løpet av 2017.</li><li>• Fylkesmannen sender ut en epost om tilbudet til alle skoleiere i Hordaland etter samlingen.</li></ul></li></ul></div> <p>som fast sak på styremøtene. Styret ser behov for rettleiing og kompetanseheving og vil legge opp til ei samling i 2017: Målgruppe: Skuleeigar, skuleleiar og lærar. Tema språk og inkludering.</p> <p><b>Vidare arbeid:</b> Styret bad koordinator utforme og sende søknad om rettleiing.</p> <p> </p>	Meland/Reidun deltok på samlinga

Kommunane i Nordhordland planlegg å arrangere ei samling i 2017 med tema språk- og fagopplæring for minoritetspråklege elevar. Innhald: Fagleg påfyll, erfaringsutveksling, veiledning og nettverksbygging.

Målgruppe for samlinga er tenkt å vere

- Skuleeigar
- Skuleleiar
- Lærar

I kommunane i Nordhordland er det skular som har mykje erfaring og nokre som dette er heilt nytt for. Kompetansen er då også ulik mellom kommunane og mellom skulane i kommunane.

Det er ynskjeleg å få til ei slik samling våren 2017. Evt hausten 2017. Me ynskjer å knyte til oss kompetanse frå HIB til dette arbeidet.

Me ser fram til å høyra frå dykk!

Med helsing

Dina Dyrhovden  
Kompetansekoordinator  
*Nordhordland kompetanseregion*

*Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

Stølen 7  
5911 ALVERSUND

Telefon 56375156/95169810  
e-post: [dina.dyrhovden@lindas.kommune.no](mailto:dina.dyrhovden@lindas.kommune.no)